



Teknisk forvaltning

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/917 - 15/6581

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
09.06.2015

Byggesak Gbnr 164 Mjøs - bruksendring grindløe - oversending for uttale

Vi viser til motteke brev dagsett 28.05.2015 med førespurnad om førehandsuttale til mogleg søknad om bruksendring av grindverksløa på Basthaugen gard, gnr/bnr 16/4 Mjøs i Radøy kommune.

Løa på Basthaugen gard er ei eldre grindløe med gråsteinsmurar i sør og i vest. Løa er i relativt god stand og er stor for å være på Radøy.

Landbruksmynde ser på det som positivt at eigarane av grindverksløa ynskjer å ivaretake løa gjennom ny bruk. Dette er heilt i tråd med prosjektet initiert av Fylkesmannen i Hordaland «Ny bruk av ledige landbruksbygg». Ein ser positivt på at ein ivaretek eldre bygningar i landbruket som fortel ei viktig historie om tidlegare driftsmåtar gjennom å ta ibruk løa på nye måtar. Løa i seg sjølv held ikkje dagens standard og krav til driftsbygning i moderne og tradisjonell drift. Ein bra måte å ivaretake løa er difor å gje den ny funksjon med nytt innhald.

Landbruksmynde har sett på skissene og planane for ivaretaking og oppgradering av grindverksløa. Det er planlagt å ivaretake nokon av dei viktigaste elementa i løa, så som steinmurane. Dette er sterkt medverkande til at landbruksmynde er positive til ei bruksendring. Slik landbruksmynde forstår førebels plan kan ein i framtida sjå at bygningen eingong har vore ei grindverksløa, også i fortsettinga av bruken av grindverksløa.

Landbruksmynde er positive til bruksendring av grindverksløa frå løe til møte og kurslokale.

Med helsing

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Teknisk forvaltning